



## Statens vegvesen

Fedje kommune  
Kommunehuset  
5947 FEDJE

Øyvind Tolleshaug

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:  
17/151926-2

Dykkar referanse:  
16/691 – 17/2881

Vår dato:  
19.09.2017

### Løyve til å bygge avkøyrsløse – Fv. 423 – Gnr. 168 bnr. 272, 50 og 10 – Fedje kommune – Tiltakshavar: [Kurt Rongevær]

Vi viser til Dykkar brev av 12.09.17 med søknad om bygging av ny avkøyrsløse til fylkesveg 423 frå eksisterande naust på gnr. 168, bnr. 272 i Fedje kommune.

Området der eigedomen ligg er ikkje regulert men er vist som byggeområde i kommuneplanen. I Rammeplan for avkøyrsløse og byggjegransar (plan 2013 – 2016) godkjend av Hordaland fylkeskommune har fylkesveg 423 haldningsklasse 4.

#### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til etablering av avkøyrsløse frå fylkesveg 423 til gnr. 168 bnr. 272, 50 og 10 i Fedje kommune.

#### Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløse frå offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløse saker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkøyrsløse skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 06.01.2017. Svingeradius på begge sider av avkøyrsløse skal vere minimum 4,0 meter og frisiktkravet er minimum 4x45 meter.
2. Løyvet gjeld avkøyrsløse til dei nemnde nausteigedomane.
3. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentlig veg.

4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsl, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna.
6. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det sendast melding til Statens vegvesen som då vil kontrollere at avkøyrsla er bygd i samsvar med krava og gje endeleg løyve. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir sett i gang.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslen har sjølv ansvaret for at krava til utforming av avkøyrsla til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

### **Bakgrunnen for vedtaket**

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

Etter vår vurdering vil det vere forsvarleg på tillate etablering av ei ny avkøyrsl til dei aktuelle eigedomane på staden det er søkt om.

### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 Leikanger, e-post: [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no), som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

**Vedlegg**

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)  
Situasjonsplan

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing


Kari Elster Moen  
overingeniør

Odd Høydalsvik

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

# Profilplan



Profilplan  
Veg til nauwt - Kvot Rongues  
M= 7:250  
6/1-2017  
Kjell Samnæs

Målestokk: 1:250